

## Norsk Lingvistisk Tidsskrift 30 år – om starten i 1983, den historiske bakgrunnen og dei første tolv åra – eit faghistorisk bidrag

*Ernst Håkon Jahr*

Ein dag i 1982 venta eg spent på kontoret mitt ved Universitetet i Tromsø på melding om ei avgjerd i publiseringsutvalet til Rådet for humanistisk forskning (RHF) i NAVF, som forskingsrådet vårt heitte da.

Eg var litt delt. Eg visste at dersom eg fekk ja på søknaden eg hadde sendt inn om pengar til å starte eit nytt norsk lingvistisk tidsskrift, så ville det medføre år med mykje strev og redaksjonelt arbeid.

Eg hadde ein god del røynsle med redaksjonelt arbeid frå før. I 1979 starta vi i Tromsø *Nordlyd – Tromsø University Working Papers on Language & Linguistics*. På kort tid blei *Nordlyd* det språkvitskaplege organet i Norden som blei mest spreidd i heile verda. Grunnen til det var først og fremst at vi sende det ut gratis til alle som ville stå på postlista, men det betydde at det snart var 7–800 abonnentar på arbeidsskriftet vårt. *Nordlyd* trykte berre arbeid av folk som hadde tilknytning til UiT, og kom ut når det var stoff nok til eit hefte, men som redaktør fekk eg ofte tilsendt manuskript frå folk langt vekk frå som prøvde å få sine ting inn. Eg hadde også vori redaktør av tidsskriftet *Språklig Samling* frå 1977 til 1981. *Språklig Samling* kom med fire separate nummer for året.

Slik hadde eg ikkje lite røynsle med redaksjonelt arbeid da eg sende i veg søknaden til NAVF om å få middel til å starte eit nytt språkvitskapleg tidsskrift. Med eit nei frå NAVF til søknaden ville eg sleppe unna mykje ansvar og arbeid i åra framover. Derfor hadde eg gjort opp med meg sjølv mens eg venta på avgjerda frå NAVF, at både utfalla, både ja og nei, hadde sine fordelar.

Men det blei eit ja, og det var starten på tolv interessante, men også strevsame år som redaktør av *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*.

## Nordisk og norsk bakgrunn for NLT

I Norden hadde vi lenge hatt tre språkvitenskaplege tidsskrift (Hovdhaugen et al. 2000: 318f.): *Norsk Tidsskrift for Sprogvidenskap* (NTS, grunnlagt 1928), *Acta Linguistica Hafniensia* (i København, grunnlagt 1939) og *Studia Linguistica* (i Lund, grunnlagt 1947). Alle tre sleit i byrjinga av 1970-talet med å få inn nok manus (Eliasson 2010: 7).

I 1976, på “The Third International Conference of Nordic and General Linguistics” i Austin, Texas, blei *The Nordic Association of Linguists* (NAL) skipa (jf. Eliasson 2010). Denne organisasjonen skulle ha eit eige tidsskrift: *Nordic Journal of Linguistics* (NJL). Den tanken hadde vori framme før konferansen i Austin at dei tre tidsskrifta NTS, Acta og Studia kunne gå opp i det nye nordiske tidsskriftet, som slik ville kunne bli eit solid kvalitetstidsskrift for lingvistikken i Norden. Eit moment som spela inn her, var at Nordisk Ministerråd (ved “Nordiska publiceringsnämnden för humanistiska tidskrifter”) ikkje var viljug til å vera med på finansiering av NJL når det alt fanst tre allmenntidsskrift for språkvitenskap i Norden.

Dette spørsmålet var i detalj blitt drøfta på eit nordisk møte i Uppsala i mai 1975 (Eliasson 2010: 12). Slik vi etterpå oppfatta det i Noreg, var det på dette møtet ei sams forståing av at alle dei tre tidsskrifta NTS (Noreg), Acta (Danmark) og Studia (Sverige) skulle gå opp i NJL (Norden). Men av dei som var til stades på møtet i Uppsala, var det berre professor Even Hovdhaugen frå NTS som kunne tala med autoritet på vegner av sitt tidsskrift. Ingen frå redaksjonen i Studia var til stades, og frå Acta møtte ein redaksjonssekretær. Så sjølv om dei som var med på møtet, var same om at dei tre tidsskrifta skulle gå inn i eit nytt nordisk tidsskrift, så blei det likevel ikkje slik.

Resultatet til slutt blei nemleg at berre det eldste og kanskje mest renommerte tidsskriftet av dei tre, nemleg NTS, gjekk inn i NJL da det starta i 1978. Acta og Studia heldt fram som før. Even Hovdhaugen blei den første redaktøren i NJL. (Ein detaljert gjennomgang av hendingane her finn ein i Eliasson 2010.)

Vi kjende oss ikkje lite lurte i Noreg av dette, mange av oss. NTS hadde utan tvil vori det tidsskriftet i Norden som var mest kjent blant ikkje-nordiske lingvistar, og no var det gått inn, “ofra” for at “Nordic Association of Linguists” skulle få eit slagkraftig organ, *Nordic Journal of Linguistics*. Lingvistane i Noreg hadde mista sitt språkvitenskaplege tidsskrift, men i Danmark og Sverige heldt dei fram med sine, Acta og Studia.

Dette skjedde samstundes med at det her til lands hadde vaksi fram eit fruktbart samarbeid mellom unge nordistar og allmennlingvistar, mellom nordiskfaget (nordisk språkvitenskap) og allmenn språkvitenskap (lingvistik). Etter kvart blei samarbeid mellom forskarar frå ulike særspåk og allmenn lingvistik eit spesielt særkjenne ved det språkvitenskaplege miljøet i Tromsø (Hovdhaugen et

al. 2000: 507). Det som derfor var ekstra ergerleg med denne utviklinga på tidsskriftfronten, var at i Noreg hadde vi no ingen stader der vi kunne publisere allmennlingvistiske artiklar på norsk. Vi hadde framleis *Maal og Minne*, men redaktørane der (professorane Einar Lundeby, UiO, og Ludvig Holm-Olsen, UiB) kvidde seg for å ta inn artiklar med reint allmenne problemstillingar, eller artiklar om andre språk enn norsk eller nordisk. Lundeby fortalde meg på denne tida at dei hadde opplevd ein klar auke i pågangen av manuskript med slikt innhald, men at det var vanskeleg for eit tidsskrift som var spesialisert mot norsk og nordisk og folkeminne å akseptere slike bidrag. NJL (frå 1978) tok berre imot manus på engelsk, så dersom ein skreiv t.d. om swahili eller kinesisk på norsk, eller behandla reint allmenne problemstillingar på norsk, fanst det no ikkje nokon god publiseringskanal i Noreg.

Slik eg såg det, var det eit mistak å la NTS gå inn i NJL, når ikkje *Studia* og *Acta* gjorde det samstundes. Ein kan likevel skjønna at Even Hovdhaugen meinte dette var ei riktig utvikling. Han såg at det kom inn få manus til NTS som kvalitetsmessig var gode nok. Men slik eg vurderte det, var dette berre eit overgangsproblem. Den eldre generasjonen av norske lingvistar hadde no nesten slutta å publisere, og den nye og unge generasjonen hadde ikkje riktig komi i gang enno.

I alle høve hadde norske lingvistar mista den publiseringskanalen dei hadde hatt sidan 1928, da det første bandet av NTS kom ut. Det var dette eg planla å rå bot på med *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*. Dette var da den konkrete bakgrunnen til at eg tok til å planleggje eit nytt norsk tidsskrift for språkvitskap tidleg på 1980-talet.

## Norsk Lingvistisk Tidsskrift

Namnet var nøye tenkt ut. “Norsk” tydde ikkje berre at tidsskriftet kom ut i Noreg, men også at det var tenkt som ein kanal for artiklar *på* norsk. “Lingvistisk” innebar at artiklar med allmennlingvistiske problemstillingar og bidrag om andre språk enn norsk skulle ha sin særlege plass i dette tidsskriftet. Eg tenkte også at artiklar på engelsk kunne godtakast dersom dei brukte norske data.

Dette siste var nok litt snevert tenkt frå mi side. Allereie på ein busstur frå Tokyo lufthamn inn til Tokyo i august 1982, på veg til “The 13th International Congress of Linguists”, blei eg overtydd av tyskdosent John Ole Askedal ved UiO om at NLT også burde akseptere bidrag på tysk og fransk. Slik blei det også, eg aksepterte fleire bidrag både på tysk og fransk, sjølv om engelsk forstæeleg nok var det språket som oftast blei brukt ved sida av norsk.

Tre emneområde ville eg ha med, i tillegg til artiklar: bokmeldingar, innlegg ved doktordisputasar og minneartiklar over avlidne norske lingvistar. Eg hadde

som ambisjon at alle norske språkvitskaplege bøker skulle meldast i NLT. Det klarte eg ikkje å få til. Det viste seg ofte at det var vanskeleg å få meldingar til alle dei bøkene eg gjerne ville ha meldt. Ofte skjedde også det at nokon lovde å skrive ei melding, og så kom ho likevel aldri, trass i purringar. Det er slikt redaktørar lærer seg å leva med. Eg prøvde å trekkje så mykje som råd på internasjonale kollegaer, for å få eit utanfråblikk på dei norske bøkene. Såleis var eg glad for å kunne trykkje bokmeldingar av utanlandske lingvistar som Peter Trudgill, Bernard Comrie, Susanne Romaine, Christer Platzack, Maj Reinhammar, Elmar Ternes, Paul Kerswill, Stanislaw Puppel, Kurt Braunmüller, Jørn Lund o.fl.

Viktige faglege diskusjonar skjer ved doktordisputasar. Derfor meinte eg det var viktig å få dei med i NLT. Av og til fekk eg kommentarar frå kollegaer som tykte disputasopposisjonane tok litt for stor plass i tidsskriftet. Men eg meiner framleis dei er viktige, og det både for den aktuelle fagdiskusjonen nett no, og for faghistoria seinare.

Det same faghistoriske argumentet låg bak at eg ville ha minneartiklar om framståande norske lingvistar, gjerne skrivne av utanlandske kollegaer. Slik skreiv t.d. den finske keltologen Anders Ahlqvist, professor i irsk ved Universitetet i Galway, om professor i keltisk Magne Oftedal, UiO, da han gjekk bort i 1985.

Da Novus forlag i 1982 sende ut invitasjon til å abonnere på det nye tidsskriftet (det kosta kr 80 per år!), hadde eg formulert denne presentasjonsteksten:

Norsk Lingvistisk Tidsskrift (NLT) vil komme med 2 nummer i 1983. Tidsskriftet vil vere eit forum for norsk språkvitskap og bringe lingvistiske artiklar og bidrag på norsk innanfor alle greiner av og område i språkvitskapen. (Artiklar om norsk vil òg kunne vere skrivne på engelsk.) Det vil bli lagt særleg stor vekt på å melde norske språkvitskaplege bøker. Kvart år vil det bli laga ein fullstendig bibliografi over førre års lingvistiske bidrag av norske forskarar, og over arbeid om norsk i inn- og utland. Det er òg meininga å bringe meldingar om og eventuelt opposisjonsinnlegg frå norske doktordisputasar.

Redaksjonen inviterer med denne foldaren språkforskarar og andre til å sende inn artiklar og bidrag, og til å abonnere på tidsskriftet. Det første nummeret vil komme i april/mai 1983.

I det første nummeret blei dette utdjupa på denne måten:

I det tidsskriftet som vi presenterer her, vil *norsk* først og fremst tyde at artiklane er skrivne på norsk, anten dei behandlar allmenningvistiske emne, norsk eller andre språk – eller andre emne innanfor språkvitskapen. Men vi vil òg gjerne ha ei viss tematisk styring mot beskriving av norsk språk. Derfor vil vi ta inn artiklar på engelsk *om* norsk.

Av det som blei lovt i desse presentasjonane, var det den årlege bibliografien som ikkje blei følgt opp. Ein av grunnane til det var at gode oversyn blei laga og publisert i andre periodika. Eg meinte derfor at det lett ville bli unødig dobbeltarbeid og sløsing med plassen dersom også NLT skulle lage til slike bibliografiar.

Redaksjonen var frå starten sett saman av forskarar frå alle dei fire universiteta vi hadde den gongen, men med eit tyngdepunkt i Tromsø. Éin medlem i redaksjonen kom frå lærarhøgskolen. Desse var med frå starten i 1983:

Frå Bergen: Universitetsstipendiat Helge J.J. Dyvik

Frå Oslo: Professor Kjell Venås

Frå Trondheim: Professor Thorstein Fretheim

Frå Tromsø: Førsteamanuensis Ernst Håkon Jahr, Dosentstipendiat Ove Lorentz, førsteamanuensis Tarald Taraldsen

Frå Elverum lærarhøgskole: Førsteamanuensis Geirr Wiggen

Dette var med eitt unntak representantar for den nye generasjonen av norske lingvistar på den tida, og med fire frå nordisk språkvitskap, tre frå allmenn lingvistikk. Samansetninga tok også høgde for ulike emneområde og teoriorientering.

Unntaket aldersmessig var Kjell Venås (f. 1928), som hørte til den meir etablerte generasjonen innan nordisk språkvitskap. Vi hadde alle enorm fagleg respekt for Venås, og vi beundra måten han hadde nyorientert seg på fagleg etter i mange år å ha arbeidd innanfor dei grensene som den tradisjonelle junggrammatiske teoriramma sette, og som nordisk språkvitskap var grunna på her til lands til langt utpå 1970-talet (Jahr 1996, 2011). I 1982 publiserte Venås den første omfattande innføringsboka i sosiolingvistikk i Norden: *Mål og miljø. Innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi*. Ingen undra seg over at Kjell Venås var med i redaksjonen, trass i generasjonsskilnaden.

### **Det første heftet, 1/83**

Det første heftet av NLT (1/83) var på 96 sider og hadde først to fonologiske artiklar om norsk, den eine av nordisten Svein Lie (UiO), den andre av allmennlingvisten Toril Fiva (UiT), båe framstillingane var gjorde med generativ fonologi som grunnlag. Universitetslektor i tsjekkisk ved UiO Gyda Dahm Rinnan hadde ein artikkel om tema og rema i norsk, og seinare professor i samisk Ole Henrik Magga skreiv om hjelpeverb i samisk. Det første heftet hadde også tre fyldige bokmeldingar, den eine galdt ein norsk grammatikk på rumensk, dei to andre var skrivne av Oddvar Nes, UiB, og Kjell Venås.

Eit nytt trekk var at eg under kvart bidrag skreiv inn datoen – i hakeparentes – for når eg hadde mottatt manuskriptet. Dette var noko eg kopierte frå tidsskriftet *Language*. Seinare har andre tidsskrift hos oss også innført den praksisen. Eg tykte alt i alt at det første heftet var veileigna til å vise fram kva eg ville med tidsskriftet.

At NLT starta å koma ut i ei anna teknologisk tid enn i dag, ser vi av “Orientering til forfatarane” på siste omslagsside i hefte 1. Her stod det: “Manuskript til NLT må vere skrivne med maskin, helst med dobbel linjeavstand. Bruk A4-ark. Ein bør sende med 2 kopiar ved sida av originalmanuskriptet. Forfattaren må sjølv syte for å ha ein kopi av artikkelen.”

Når artiklane skulle sendast inn i tre eksemplar, var det fordi eg straks tok til med å konsulenterare dei innsende manuskripta. Eg brukte redaksjonen aktivt til å vurdere det som kom inn, og slik kan vi seia at NLT i alle fall langt på veg var eit tidsskrift med referee-ordning frå første stund. Dette var på den tida noko heilt nytt innan humaniora i Noreg og Norden, det vanlege var at redaktørane suverent avgjorde om eit manuskript var trykkeverdig.

### **Innføring av referee-ordning i nordiske humanistiske tidsskrift**

Det med å innføre referee-ordning i nordiske humanistiske tidsskrift fekk eg mykje å gjera med utover på 1980-talet. Det hadde seg slik at i 1985 blei eg oppnemnd av Rådet for humanistisk forskning til å vera leiar i RHF's Publiseringsutval. Dermed blei eg også leiar for “Nordiska publiceringsnämnden för humanistiska tidskrifter”, NOP-H, fordi det var Noregs tur til å ha leiaren i den komiteen. Eg sat som leiar i NOP-H frå 1985 til 1990, og i den perioden blei det gjennomført to særleg viktige nyordningar: bruk av elektroniske verkty i redigeringsarbeidet og innføring av referee-ordning i tidsskrifta.

Den første nyvinninga, bruk av ny datateknologi, oppmuntra vi til så godt vi kunne. Vi ønskte at forfatarane skulle levere manus på diskett, og at tidsskrifta skulle kunne levere ferdigredigerte manus til forlaga på diskett. Ganske mange av tidsskrifta, men langt frå alle, tok i bruk dei verktya som den nye datateknologien representerte. Men det var også ein del redaktørar som ikkje ønskte å endre den arbeidsmåten dei var vane med, og fleire av forlaga var også temmeleg konservative på denne tida med omsyn til dei nye teknologiske nyvinningane. Så det tok si tid, men NOP-H sette mellom 1985 og 1990 i gang den datateknologiske omlegginga som måtte koma i alle tidsskriftredaksjonane, og som etter nokre år var sjølvsagd for alle.

Den andre nyvinninga, innføring av ei referee-ordning, stilte vi som krav for at NOP-H skulle halde fram med å gi tidsskriftet økonomisk stønad. Mange av redaktørane var ikkje glade for det, for å seia det mildt, og dei skjelte meg

ut etter notar. Det å bruke konsulentar, eller referees, var heilt ukjent for dei fleste redaktørane. Dei spurde med ein gong kven som skulle betale for denne tenesta. Når eg sa at den ikkje skulle betalast, at det var ei gratis teneste som alle forskarar må vera budd på å gjera, ville dei først ikkje tru det. Men eg kjende dette godt frå fleire internasjonale lingvistiske tidsskrift, og dessutan var det ei sjølvsagd ordning i tidsskrift innan naturvitskap og medisin, så eg stod på mitt, og dessutan kunne eg vise til at eg langt på veg hadde innført ei slik ordning for NLT. For NOP-H var det tale om tidsskrift som var definerte som nordiske, og som derfor fekk økonomisk stønad frå Nordisk Råd gjennom NOP-H-komiteen. NJL var eitt av desse tidsskrifta.

Nokre redaktørar klaga over at mange av manuskripta dei hadde til gransking hos konsulentar og referees, ikkje blei godtatt, og dermed fekk dei ikkje nok artiklar til å fylle tidsskriftsårgangen. Men dei fleste redaktørane forstod ganske raskt at ei slik ordning bidrog til å auke kvaliteten på tidsskriftet deira vesentleg. Dei aksepterte derfor omlegginga, sjølv om det var ei stor omstilling for mange av dei.

Som leiar av NOP-H hadde eg tett og godt samarbeid med konsulent Reidar Haavie i NAVF, han var sekretær for NOP-H dei første åra eg var leiar. Haavie var ein god støttespelar i arbeidet med å skape forståing for at eit referee-system var heilt nødvendig for å auke kvaliteten på dei humanistiske tidsskrifta i Norden. Han var også svært ivrig i strevet vi hadde med å få forståing for bruk av ny teknologi i redaksjonsarbeidet. Ein annan eg desse åra hadde eit nært samarbeid med, var Gunnar Sivertsen. Han var frå 1988 forlagsredaktør i Universitetsforlaget, og arbeidde mykje med studiar av og utgreiingar om vitenskaplege tidsskrift og vitenskapleg publisering reint generelt. Seinare har Sivertsen vori heilt sentral i utarbeidinga av lista over vitenskaplege publiseringsskanalar, dei som i dag gir såkalla DBH-poeng til universitet og høyskolar for publikasjonane til dei vitenskapleg tilsette.

Innføringa av eit referee-system for dei humanistiske tidsskrifta i Norden på slutten av 1980-talet var eit viktig steg på vegen mot auka kvalitet på tidsskrifta og også større profesjonalitet i redigeringsverksemda. I dag er det ein føresetnad for tildeling av publikasjonspoeng i alle fag og på alle fagområde at tidsskrifta har ei referee-ordning.

## **NLT og MONS**

For meg gjekk NLT inn som første ledd i ein meir omfattande nasjonal plan eg hadde på den tida. Eg såg tidsskriftet som det første av tre tiltak for å utvikle ei god og effektiv organisering rundt språkvitenskapleg forskning i landet. Etter NLT var det neste ein konferanseserie med møte om norsk språk, og til slutt ønskte eg å få i gang ei nasjonal språkvitenskapleg foreining. Det siste fekk eg ikkje til,

men konferanseserien kom i gang i 1985 med det første MONS-møtet (MONS = “Møte om norsk språk”).

Eg hadde lenge vori opptatt av at vi ikkje hos oss hadde ein konferanseserie som den dei hadde i Sverige med “Sammankomsten för att dryfta frågor om svenskans beskrivning”, gjerne forkorta til “Svenskans beskrivning”. Denne konferanseserien starta i Sverige så tidleg som i 1963, og er etterpå blitt arrangert kvart anna år. Eg meinte vi i Noreg også ville kunne få til betre samarbeid og fagleg fellesskap dersom vi fekk til ein tilsvarende møteserie som den svenske hadde. Dessutan ville ein slik serie vera med på å skaffe fram gode idear til artiklar og bidrag til NLT. Skulle det nye tidsskriftet klare å halde høg kvalitet, var det nødvendig å auke aktiviteten blant dei yngre språkvitarane.

Dette var da bakgrunnen for eit initiativ overfor det nasjonale fagrådet for nordisk, der namnegranskaren Ole Jørgen Johannessen ved UiB var leiar. Johannessen var svært positiv til å sende ein søknad til NAVF på vegner av fagrådet, og slik blei det. Eg fekk med meg Kjell Ivar Vannebo, UiO, og saman stod han og eg ansvarleg for det faglege programmet på den første MONS-konferansen. Nordisk institutt ved UiB stod for det praktiske opplegget, og konferansen fann stad der i november 1985.

Den første MONS-konferansen blei ein suksess, og foredraga på konferansen utgjorde ein heil årgang av NLT, dvs. 1986-årgangen, som kom ut i eitt band (markert som hefte 1/2, 1986). Etter den første konferansen i 1985 er MONS-møta blitt arrangert annakvart år, akkurat som møta i Sverige, og i år (2013) blir den 15. MONS-konferansen arrangert i Oslo i november. Eg trur det er rett som Hovdhaugen et al. (2000: 500f.) skriv om MONS-konferansane:

MONS has done a lot to promote contact and cooperation between general linguistics and Scandinavianists, especially since a large number of the participants have been young scholars and students, who often give their first paper at a MONS meeting.

Det samarbeidet som blir omtala her, var også det eg ville hjelpe fram og stimulere med NLT. MONS-serien og NLT høyrer derfor tett saman.

Ideen med slike møte spreidde seg forresten snøgt til Danmark, der det første MUDS-møtet blei arrangert i Århus allereie i 1986 (MUDS = “Møde om Udforskningen af Dansk Sprog”). Også MUDS-konferansane blir haldne annakvart år.

### **NLT, frå dei første 12 årgangane**

Det var gledeleg å sjå kor snøgt NLT blei ein etablert publiseringsskanal for norske lingvistar. Eg tolka det som eit klart prov på at det var behov for eit slikt



tidsskrift. Det gav kveik og meining til det vidare arbeidet. Men det tok mykje tid å gjera alt redaksjonsarbeidet aleine. Den gongen hadde universitetsforskarar ikkje arbeidsplan og nøye timerekning slik som no. Vi hadde eit visst mål på kor mange timar vi skulle undervise. Ved UiT var norma 5 timar per veke. Nokon reduksjon for arbeid t.d. med tidsskriftsredigering var det aldri tale om, og blei ikkje forventa heller. Slik eg såg det, var slik verksemd ein naturleg del av det ein aktiv universitetslærer og -forskar skulle gjera.

I arbeidet med dei første fire årgangane av NLT var eg såleis aleine om alt det redaksjonelle, men frå og med den 5. årgangen løyvde NAVF middel til ein redaksjonssekretær, først Tove Bull (1987–91), så Beate Lindemann (1992–94). Tove Bull var frå 1984 tilsett ved nordiskseksjonen UiT som førsteamannensiss, dit ho kom frå Tromsø lærarhøgskole, mens Beate Lindemann var stipendiat ved UiTs tyskseksjon. Det at tidsskriftet fekk ein redaksjonssekretær som m.a. tok seg av det daglege brevsjeftearbeidet, var ei stor avlastning, og det gjorde sjølv redaktørarbeidet klart lettare. Både Bull og Lindemann bidrog med stor innsats som redaksjonssekretærer for NLT.

Sjølv om det blei understreka tydeleg at NLT var eit norsk tidsskrift, var det viktig å ikkje la det bli navleskodande nasjonalt. Utsynet kan, og bør, vera internasjonalt sjølv om utgangspunktet er nasjonalt. Derfor drog eg etter kvart utanlandske forskarar inn i redaksjonen. Da eg gjekk av som redaktør etter fullført 1994-årgang, var det tre utanlandske forskarar med i redaksjonsgruppa: Peter Trudgill (Lausanne), Christer Platzack (Lund) og Chet A. Creider (Western Ontario).

I 1991 starta eg saman med Geirr Wiggen, frå 1992 professor ved UiO, eit internasjonalt tidsskrift innan tillempa språkvitskap: *International Journal of Applied Linguistics* (InJAL). Med Nordlyd, NLT og InJAL var eg da redaktør av tre vitskaplege tidsskrift samstundes, i tillegg til at Ove Lorentz (ved lingvistikk UiT) og eg saman redigerte bokseriane “Tromsø Studies in Linguistics” og “Studies in Norwegian Linguistics”. Alt dette blei mykje på ein gong, og eg fann da ut at det var tida for å gå av som redaktør av NLT. Tidsskriftet var no godt etablert som eit forum for norsk språkvitskap i vid tyding. Det hadde vist seg at det var behov for eit slikt tidsskrift ved sida av det meir spesialiserte *Maal og Minne*. Det hadde vori viktig for meg heilt frå starten av at NLT ikkje skulle føre til at *Maal og Minne* blei skadelidande. I mi redaktørtid var samarbeidet med *Maal og Minne* det aller beste. Det hende meir enn ein gong at redaktørane sende manuskript over til kvarandre, dersom vi meinte innhaldet i artiklane passa betre i det andre tidsskriftet.

### **Avtale med Det Norske Videnskaps-Akademi**

Eg ville likevel ikkje at skiftet av redaktør skulle skje på den måten som ofte

skjedde i humanistiske tidsskrift på den tida, nemleg ved at gammalredaktøren rett og slett peika ut etterfølgjaren. Eg ønskte å få etablert eit permanent system som definerte korleis eit redaktørskifte i NLT skulle skje, og kva som elles skulle følgje av eit redaktørskifte. Eg tok da kontakt med generalsekretær Leif Mæhle i Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo med spørsmål om DNVA ville gjera NLT til sitt tidsskrift, og dermed også vera ansvarleg for å oppnemne redaktørar. På eit møte i Oslo 7. oktober 1993 mellom DNVA (ved generalsekretær Leif Mæhle), Novus forlag (ved forleggjar Olav Røset) og NLT (ved meg som redaktør) blei følgjande avtale underteikna:

*Avtale om Norsk Lingvistisk Tidsskrift mellom professor Ernst Håkon Jahr (redaktør, grunnleggjar), Novus forlag (utgjevar, eigar) og Det Norske Videnskaps-Akademi, underteikna i Oslo 7. oktober 1993.*

1. Norsk Lingvistisk Tidsskrift (NLT) blir knytt til Det Norske Videnskaps-Akademi frå og med årgang 12 (1994). Dette blir markert i tidsskriftet med denne ordlegginga: "NLT blir utgitt i samarbeid med Det Norske Videnskaps-Akademi".
2. Novus forlag held fram som eigar. Akademiet har ingen økonomiske plikter overfor tidsskriftet. Dersom Akademiet ønskjer å sende NLT til dei institusjonane som sender sine tidsskrift til Akademiet, betaler Akademiet ein avtalt sum pr. hefte.
3. Akademiet har ansvar for å oppnemne ny redaktør for tidsskriftet kvart femte år, første gong i 1994 for perioden som tar til med hefte 1/95.
4. Formennene i Gruppe VI og VII i Den historisk-filosofiske klassen har ansvar for å fremme tilråding til Styret om ny redaktør. Styret gjer vedtak om oppnemning. Det er høve til å nemne opp att same redaktøren éin gong, slik at 10 år blir maksimal funksjonstid. Forlaget og avgåande redaktør bør bli gjort kjende med framlegget frå gruppeformennene før framlegget blir behandla i Styret.
5. Redaksjonen (redaksjonsgruppa) går av saman med redaktøren kvart femte år. Den nye redaktøren vel ny redaksjonsgruppe, og finn om nødvendig fram til ny redaksjonssekretær. For å sikre ein viss kontinuitet bør minst halvparten av medlemmene i den gamle redaksjonen oppnemnast på nytt. Det er inga maksimumsgrense for kor mange gonger ein redaksjonsmedlem kan oppnemnast. Alle universiteta bør vera representerte i redaksjonen. Den nye redaktøren gir melding til Akademiet om samansetjinga av den nye redaksjonen. Akademiet skal ha kopi av alle referat frå redaksjonsmøte. Før utløpet av kvar femårsbolk skal redaktøren skrive ein rapport til Akademiet om verksemda i perioden.
6. NLT er frå starten blitt redigert på nynorsk. Det er eit ønske hos grunnleg-

gjaren av tidsskriftet at denne praksisen held fram også under nye redaktører, ettersom det andre språkvitskapelege tidsskriftet i Noreg, Maal og Minne, blir redigert på bokmål.

*Ernst Håkon Jahr, redaktør, grunnleggjar*

*Olav Røsset, forleggjar*

*Leif Mæhle, generalsekretær DNVA*

Dermed var ei grei ordning for redaktørskifte fastlagd, og året etter oppnemnde DNVA professor (i tysk) John Ole Askedal, UiO, som ny redaktør. Han hadde da ansvaret frå og med hefte 1, 1995. Gjennom to periodar gjorde Askedal ein framifrå innsats som redaktør.

### **NLT redigert på nynorsk dei første 12 åra**

Det siste punktet i avtalen med DNVA, om redigering av NLT på nynorsk, var noko eg sterkt ønskte å ha med. Eg hadde alltid redigert NLT på nynorsk, og eg hadde gjerne sett at denne praksisen heldt fram også under den nye redaktøren. Men eg tenkte nok det ikkje kom til å vara, ettersom Askedal var slik ein ivrig riksmålstilhengjar. Han la da også om redigeringspråket frå og med 1/97, og førte instruksjonane til forfattarane over til bokmål.

Etter det har NLT vori redigert på bokmål. Med tanke på dei som er redaktører i dag, kunne det ha vori flott om NLT gjekk tilbake til å bli redigert på nynorsk, slik det var dei første 12 åra. Det er iallfall eit sterkt ønske hos gammalredaktøren no ved 30-årsjubileet!

### **Referansar**

Eliasson, Stig 2010: *The Nordic Association of Linguists: The preparatory phase and the first thirty years (1977–2006)*. Götzsche, Hans (red.): *Memory, mind and language*. Newcastle upon Tyne, UK: Cambridge Scholars Publishing, 4–54.

Hovdhaugen, Even, Fred Karlsson, Carol Henriksen & Bengt Sigurd 2000: *The history of linguistics in the Nordic Countries*. Jyväskylä: Societas Scientiarum Fennica.

Jahr, Ernst Håkon 1996: *Nynorsk språkforskning – en historisk oversikt*. Henriksen, Carol, Even Hovdhaugen, Fred Karlsson & Bengt Sigurd (red.): *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland,*

*Norway and Sweden. Papers from the conference on the history of linguistics in the Nordic countries, Oslo, November 20-22, 1994.* Oslo: Novus, 84–101. Også i: Jahr, Ernst Håkon 2008: *Språkhistorie og språkkontakt / Language History and Language Contact* (= Festskrift til Ernst Håkon Jahr på 60-årsdagen 4. mars 2008. Redigert av Wiggen, Geirr, Tove Bull & Marit Aamodt Nielsen). Oslo: Novus, 196–209.

Jahr, Ernst Håkon 2011: Dialektologi som nasjonsbygging. Til diskusjonen om ‘nynorsk språkforskning’. Edlund, Lars-Erik, Lennart Elmevik & Maj Reinhammar (red.): *Studier i dialektologi och sociolingvistik. Föredrag vid Nionde nordiska dialektologkonferensen i Uppsala 18-20 augusti 2010* (= Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi 116). Uppsala: Swedish Science Press, 159–167.

*Ernst Håkon Jahr*  
Universitetet i Agder  
Fakultet for humaniora og pedagogikk  
Postboks 422,  
NO-4604 Kristiansand  
ernsthakon.jahr@uia.no